

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:  
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: \*

Tal uprenta vedlegg: \*

## Forvaltningsplan for Nordsjøen

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

1. Vestlandsrådet ønskjer å ha ei meir aktiv rolle i arbeidet med å utarbeide ein forvaltningsplan for Nordsjøen, og ber om at lokale og regionale styresmakter vert representert i styrings- og arbeidsgrupper i regi av Klima- og forureiningsdirektoratet.
2. Petroleum er bærebjelken for den norske velferdsstaten, og må sikrast ein langsiktig og bærekraftig utvikling
3. Framtidsbilette knytt til fornybar energiproduksjon til havs må inkludere framtidige muligheiter. På kort sikt er det viktig å satse på testsentra som legg grunnlaget for ein framtidig heimemarknad.
4. Det er viktig at norske aktørar påverkar i dei kanalar der det er mogeleg å sikre ei bærekraftig framtid for fiskeria i Nordsjøen
5. Vestlandsrådet er svært uroa for miljøtrugselen frå Sellafield, og strekar under at det fortsatt må arbeidast aktivt for tiltak som minskar trusselen. Det same gjeld risikoen som kvikksølvlasten i ubåten utanfor Fedje representerer, der Vestlandsrådet har vore tydeleg på at ubåten må hevast og kvikksølvet fjernast på ein trygg måte.
6. Nordsjøen er et havområde vi deler med sju andre land, og Vestlandsrådet understreker behovet for å samordne det norske arbeidet med prosesser i andre land rundt Nordsjøen for eksempel i regi av Nordsjøkommisjonen.

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

Prenta vedlegg:

Notat

Brev til Klima- og forurensningsdirektoratet (framlegg, ikkje sendt)

Uprenta vedlegg:

## **Saksframstilling**

### **Bakgrunn og tidlegare innspel**

Denne saka handlar om innspel til Regjeringa sitt arbeid med ein heilskapleg forvaltningsplan for Nordsjøen og Skagerrak. Mandatet for første fase for ein forvaltningsplan for Nordsjøen og Skagerrak kom i april 2008.

Klima- og forurensingsdirektoratet opna 15. september 2011 andre høyringsrunde i arbeidet med ein forvaltningsplan for Nordsjøen. Fylkeskommunane vert inviterte til å gi innspel og kommentarar på sektorvise utgreiingar av miljøkonsekvensar. Dei sektorvise utgreiingane gjeld følgjande område:

- petroleumsverksemd
- fornybar energiproduksjon til havs
- fiskeri og havbruk
- skipstrafikk
- land og kystbasert aktivitet
- og konsekvensar av klimaendring, havforsuring og langtransportert forureining.

Meir informasjon om prosessen på: <http://www.klif.no/horing2011-1466>

Vestlandsrådet gav eit felles innspel til utgreiingsprogrammet som var på høyring hausten 2010. Det vart då kommentert på sentrale utfordringar i arbeidet, i tillegg til meir konkrete innspel til dei sektorvise rapportane. Etersom dette er ein prosess der vestlandsregionen deler både interesse og utfordringar, er det med bakgrunn i tidlegare vedtak lagt til grunn at ein gir ein fellesfråsegn til årets høyring på sektorvise utgreiingar av miljøkonsekvensar

Det er tidlegare utarbeidd forvaltningsplanar både for Barentshavet og havområda utanfor Lofoten (St meld nr 8 (2005-2006)) og for Norskehavet (St meld nr 37 (2008-2009)). I Regjeringa sin politiske plattform er det sagt at ein vil ta sikte på å få utarbeidd ein heilskapleg forvaltningsplan for Nordsjøen, i form av ei eiga stortingsmelding, i inneverande stortingsperiode, det vil seie innan våren 2013.

Nordsjøen og Skagerrak utgjer eit havområde som er delt mellom fleire land. Derfor er det viktig at ein ser arbeidet med ein forvaltningsplan i ein internasjonal samanheng. Det gjeld både i forhold til reguleringar og strategiar i regi av EU (som t.d. EUs integrerte maritime strategi) og det at ein involverer relevante internasjonale aktørar – ikkje minst CPMR og Nordsjøkommisjonen (NSC), som alle fylkeskommunane er medlem av.

### **Utfordringar**

Utfordringa for ein forvaltningsplan for Nordsjøen og Skagerrak går i stor grad på forholdet mellom bruk og vern.

Nordsjøen og Skagerrak er eit av verdas viktigaste ressurs- og verdiområde – eller “spisskammer”, om ein vil. Det er openbart at for Vestlandet spelar Nordsjøen ei særleg viktig rolle. Kartlegginga av marine og maritime verdiskaping på Vestlandet, som m.a. viser ei omsetting på nærare 270 mrd kroner og ei verdiskaping på over 65 mrd. kroner eksklusivt olje og gass og der Nordsjøen sjølvsagt spelar ei hovudrolle som ressursmagasin for denne skapinga, illustrerer dette tydeleg. I tillegg går det meste av petroleumsverksemda føre seg her. Petroleum er bærebjelken for den norske velferdsstaten, og bidrog i 2009 med 420 mrd. kroner av statens totale inntekter.

Samstundes må det sikrast ein berekraftig forvaltning som balanserer og legg til rette for sameksistens mellom næringar som fiskeri, skapstrafikk og petroleumsverksemd. Vi veit m.a. bruk av nye kjemikaliar er eit aukande problem, sjøbotn er mange stader i dårleg forfatning, fiskebestandar er nedadgåande, og klimaendringar og havforsuring gir auka sårbarheit. Men ein ser samstundes forbetringar t.d. ved at det er betydeleg reduksjonar i tilførsel av olje, nærings salt og tungmetall, tilførsel av gamle miljøgifter er reduserte, det same gjeld tilførsel av TBT (Tributyltinn er kunstig framstilte tinnorganiske forbindelsar) frå botnstoff, og radioaktive stoff er på låge nivå.

### **Vurdering**

Fylkesrådmannen ser det som sær viktig at Vestlandsrådet føl opp arbeidet med forvaltningsplan for Nordsjøen og Skagerrak gjennom felles høyringar.

... Sett inn saksutredningen over denne linja [↑](#)